

- med ull og kystmat i fokus



VOKSA
KULTURSENER

Introduksjon

Lokalt initiativ

Prosjektet Voksa kultursenter, er resultat av ein forprosess med fokus på kulturelle møtestader, og eit lokalt initiativ på den vesle øya Voksa. Ynskja var mange (meir om dette i forarbeidet) og å definere programmet har bode på utfordringar. Slik har den første delen av arbeidet fått si form – ved stadsanalysar gjorde under og på basis av opphald på staden og vha. kartstudiar, lesing og informasjon frå lokalbefolkninga. Dette var ei lita reise i seg sjølv. Men eg har valt å berre trekkje fram det viktigaste her. Prosessen leidde ut i ein visjon som romma fleire sider enn det aktuelle arkitektoniske prosjektet, som er siste ledd i denne oppgåva.

Eg gjekk inn i prosjektet med eit relativt vidt fokus kring kva eit kultursenter var – om ein tenkjer kunst. Tankane tok meg mange stader, før det ved arbeid vart det klart at det måtte spissast.

Det endelege programmet er eit senter med fokus på sau og fiske - nærare bestemt i forma av ull og mat. Sauedrift og fiskeri har vore og er stadig hovudpillarane på mange av øyane i og kring Nordsjøen, også heilt sør på Sunnmøre, der vi finn Voksa. Det er tale om arv og tradisjonar, såvel som nyskaping og kontinuerleg endring. Mykje av arven er felles, på tvers av hav. Havet har til tider vore ei hindring, men vel så mykje eit band. Elementa heng saman på desse stadane. Ein lever av og med naturen. Vêret kan vere hardt, men snittemperaturen er ikkje til å klage på. Havet kjem med varme straumar og særmerkt jorbruk og landskap har vorte til med dette til grunn. Kystlyngheiane har vorte kultiverte ved sviing og beite i mannsaldrar.

Kulturelle møtestader

På studieutveksling, reise og då især vha å spele musikk har eg sett korleis ein bryt ned barrierer og fordommar på eit ukomplisert og menneskeleg vis i å rett og slett møte kvarandre. På reise med folkemusikk har eg sett kor stor nysgjerrigheit det er til kvar ein har sitt opphav. Sjølv har eg fatta meir interesse for mine røter etter å ha tilbragt tid borte frå mine heimtrakter og mitt heimland. I dette vekkjer ein også ei større nysgjerrigheit for kva som *eigentleg* finst “der ute”. Slike erfaringar og kjensla av å sjølv ha opplevd god integrering i mitt utvekslingsår i Chile, nettopp ved å få ta del i kultur var sterk motivasjon då eg gjorde mitt forarbeide kring kulturelle møtestader. Det heile kulminerte i dette prosjektet då initiativtakaren tok kontakt.

Når eg no teiknar eit senter med fokus på ull og mat så handlar det stadig om desse møta. Ull har ein sentral posisjon i kulturar verda over. Ein gjer ting på ulike vis, men basen er den same; ein har eit felles språk i handverket, slik eg ofte har det med både musikk og til dels også arkitektur.

Gjennom den kunnskapen som finst i tradisjon såvel som det moderne kan vi utvikle oss kulturelt og knytte fleire og sterkare band mellom oss menneske, på tvers av våre utgangspunkt.

Kortreist

Det som gjer at det heile gir meining er den lokale forankringa. Ved å fokusere på lokale ressursar, frå fiskeri og jordbruk, og kunnskapen som ligg hjå initiativtakaren og ressurspersonar ikring verkar det heile mesta sjølv sagt no. Rundt dette senteret får ein gjort koplingar mellom bøndene, fiskarane, fiskemottak, øvrig lokalbefolkning, og tilreisande, grunna det øyane sjølve har å by på.

Staden

Areal: ca. 60 m²

Bruk: Galleri, liten butikk og kontor

Den første brikken er den eksisterande skulen. Den vert no teken i bruk til galleri, ein liten butikk for å selge til dømes handverk gjort ved senteret og råvarer til tekstilarbeid, og kanskje også lokale matprodukt. I tillegg vert det eit lite kontor i det opphavlege inngangspartiet mot nord - her kan det nok også vere aktuelt å setje inn eit vindauge, trass i arbeidet som no vert gjort med å føre bygninga tilbake til opphavleg stand.

Programvalet for denne bygninga er i stor grad bestemt av avgrensa areal, med i underkant av 60 m² fordelt på 3 rom; eit klasserom, eit inngangsparti og eit lite kjøken. Kjøkenet er ikkje i drivandes stand

lenger, og det verkar å gi meir meining å leggje våtromsfunksjonar til nye volum der ein kan setje av meir plass til dette. Det tidlegare kjøkenet får butikkfunksjon.

Klasserommet er eit formidlingsrom og det verka naturleg å ha eit galleri i nettopp dette rommet. Det kan nok vere aktuelt for andre lokale aktørar å utnytte dette som utstillingsrom også; som til dømes sogelaget, eller lokale handverkarar.

Inngangspartiet får eit lite drag av det nye med eit vindfang i bølgeblikk. Og døra vert måla i same farge som hovudinngangane til dei to nye voluma.



Inntrykk

Ein stor fascinasjon då eg kom til Voksa var dei tydelege samanhangane, mellom natur og menneske – begge vegar. Overgangane ligg tett på kvarandre, ein går frå vatn til fjøre, til flate til fjell innanfor eit overkommeleg og avgrensa område. Ein innser


kor rik verda er på lite plass, om ein forvaltar henne godt. Eg trudde eg kjende heimfylket mitt godt, men øyane var då vitterleg noko anna enn fjordane.



Villsau*beitande på vestsida av Sandsøya, like ved Dollsteinen.



Linjene er karakteristiske her ute. I alle lag, frå dei minste riper til dei største fjellformasjonane er isen si retning gjennomgåande frå aust mot vest, litt skrånande mot nord.



Midt i bildet ser ein den gamle skulen på Voksa, som er del i prosjektet. I framgrunnen til høgre ser ein posthuset, som også er i initiativtakar si meining å ta i bruk. Tanken har mellom anna vore at dette, som tidlegare var bustad og kontor for postmannen kan vere ein av stadane som har innlosjering for kunsthåndverkarane på residensopphald vinterhalvåret.



Utsikt frå Rinden, på Sandsøya, til Voksa, med moloen i framgrunnen.

Visjonskart

Visjonen kan delast inn i 4 hovudelement. Alle er idéar som oppstod i leitinga etter eit endeleg prosjekt. Alle er del i ein større tanke om kva eit kultursenter kan vere, om ein ser på heile øya som nettopp det - eit kultursenter.

1) Vandringa (stipla raud linje):

Vandringa er eit forsøk på å knyte saman eksisterande stiar/trakk og vegtufar med mål om å få til ei heilheitleg vandring langs periferien av heile den kompakte øya. I samtale med ein lokal ornitolog vart eg klar over at det å kome seg rundt langs vegane var her viktigare enn å skulle ha tårn eller liknande for å observere fuglane. Denne delen av øya har eit turmål med sikt ut mot havet i vest, men vegane til er ikkje samanhengande. Langs denne vandringa kunne ein ha etablert punktvis benkar og opplevingspunkt, som t.d. det nokre i lokalbefolkninga har tenkt på; å etablere eit punkt for fiske, med universelt utforma vandring fram.

- a) skifferom og sitjeplass ved Sanden (badestrand)
- b) merking av gravhaugen vendt mot havgapet
- c) utsiktspunkt ved Trollhola
- d) fiskeplass, med universell utforming

2) Leirplass:

Her er kalkbrotet, som ikkje lenger er i drift. Rommet er stort og har trass si plassering på vestsida, le for vinden. Her kunne ein fått til ei scene med naturleg amfi på det lågaste nivået (lengst mot sør) med kalkveggen som bakteppe. På øvre nivå kunne ein i tilknytning til senteret ved skulen etablere ein leirplass for kursdeltakarar der ein t.d. kunne bygd yurtar (ulltelt etter mongolsk mal), i tillegg til dette ville ein behøve eit lite lager for yurtane, samt eit enkelt sanitæranlegg.

3) Gjesthamn og sykkelutleige:

Det er usikkert om ferga kjem til å halde fram med å leggje til her fordi tunell er under planlegging, men fergeleiet er eit knutepunkt, og ein burde nytte at ein framleis har ei større flate her i alle tilfelle, t.d. for å parkere bilen og kome seg over på sykkel. Slik kan ein halde på roa ein finn her ute, og best oppleve øyane, med minimal maskinstøy, meir fuglekvitte, sauebreking, kurauting, hestevrinsking og sjølufta rundt seg på alle sider. Gjesthamn er noko fleire nemnte dei dagane eg var på øyane i sommar. Det å plassere også det her, verkar naturleg, både grunna vør og vind og koplinga opp mot fergeleie og veg.

4) Senter for ull og kystmat:

Ved gamleskulen kjem senteret eg her har teikna ut. Sommarstid er fokuset kursdrift, medan det vinterhalvåret er retta meir mot residensdrift; der kunsthandverkarar med fokus på tekstilar, især ull kan få utfalde seg med tilrettelagde fasilitetar. Gamleskulen får halde fram som ein formidlingsstad med galleri-funksjon. Storleiken på bygningsvoluma er tenkt å gjere det aktuelt for å ha ein slags grendatun-funksjon, der ein når ikkje anna aktivitet pågår kan leige lokale for å halde selskap, dans eller anna. Frå skulen er det også tenkt etablert ein betre sti opp til Voksøyhaugen, det høgste punktet på øya, der ein kan skue vest mot det opne havet, sørvest mot Stadlandet, nord mot Sandsøya og aust innover fjordane.

Dei raude felta markerer gravhaugar.
Dei grå felta markerer utmark.





Plan

Prosjektet består her av tre volum. Den gamle skulen med langsida mot aust, og to bygningskroppar som har "opne" gavlar mot fjordutsikta i aust. Programmet er fordelt mellom dei tre på følgjande vis.

Gamleskolen:

- Galleri
 - Liten butikk
 - Lite kontor
 - Evt. lagring på loftet
- (Ligg over butikk og kontor)

Arbeidsstova (lengst mot nord)

- Ullmagasin/pauserom med tekjøken
- Vaske- og fargerom
- Rom for kardemaskin
- Toalett
- Resten av bygninga er ein open sal bygd etter grindprinsipp.

Den kan til sommarkurs haldast open i fire grinders lengd, eller verte delt opp ved å rulle ned ullfilar frå kvar grind, slik ein t.d. kan ha fire kunsthandverkarar som arbeider separat vinterhalvåret, men som også kan ha doble celler saman. Mykje av kunsthandverket er merkt nettopp av samvirke - litt i motsetnad til det ein ofte tenkjer kring andre kunstformer der individet er kjernen.


Matstova:

- Lite industrikjøken med:
 - Tørrlager
 - Kjølelager
- Lite toalett


Der "platået" som skuleplassen utgjør sluttar, mot aust, har ein parkeringsplass fått flate. Plassen er alt dels gravd til fordi det tidlegare var tenkt å flytte ei bygning hit. Slik finst alt ei innkørsel og eit område som er delvis planert. Herifrå vert det lagt ein



Snitt





Dette snittet har vore viktig inspirasjon



Snitt

Øvst ser ein eit snitt av arbeidsstova.
Nedst eit snitt av matstova.


1:100




Konstruksjon: grindprinsipp

Grindprinsippet utgjør ei sentral rolle i prosjektet. Her gjennom nokre illustrasjonar viser eg korleis eg nyttar prinsippet.

Første teikninga er frå "Grindbygde hus i Vest-Norge Eksempelsamling" utgjeve av NIKU.



Tradisjonell



Moderne

Konstruksjon: grindprinsipp

Ved å nytte ullfilt får eg delt opp rom etter behov og kan skape utstillingssituasjonar. Illustrasjonane her viser ikkje dette, men tanken er å rulle filtane opp, når dei ikkje er i bruk.





Ullmagasinet

Ullmagasinet ligg med utsikta aust innover fjordane. Dette vert eit fellesrom for dei som er residerande her og der ein finn naudsynt materiell for sitt arbeid.



Tunet

Tunet er også ein arbeidsplass og ein samlingsstad. Her illustrert ved kirgisiske filmtakarar som arbeider med ein rull der ein truleg filter eit teppe. Den globale tankegang er også viktig. Materialpaletten i eksteriøret dreg parallellar til materialpaletten ein finn kring

nordsjøen, der ein har ein felles kulturarv på øyane, med mellom anna ulla som ein felles faktor, såvel som klimatiske forhold. Gabionane er fylte med kalkstein, som viser til staden sin arv.



Matstova

Matstova er dels kantine for kursdeltakarar, dels restaurant og dels ein kursstad i seg sjølv. Dette er noko av grunnen til kjøkkenet si opne henvending ut mot rommet.

Arbeidsstova

Her er døme på eit atelierrom når arbeidsstova er delt opp.
Orientering mot nord gir godt arbeidslys.



